



Innleiarane Bjarne Døssland, Bjørn Olav Tveit og Kjartan Thoresen førebur seg. (Foto: Ola Matti Mathisen).

- Det gjer ikke noko om Uskedalen blir ei "sovebygd" hvis det er godt å bu her, meiner Bjørn Olav Tveit (lærer) og Bjarne Døssland (advokat) som under Uskedal Utviklings Dialogforum i Gamleskolen måndag kveld kasta blikket mot 2020.



Nesten 40 kom på møtet om Uskedalen i framtida. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Nær 40 kom til møtet som møteleiar Kristian Bringedal karakteriserte som svært vellukka. Det kom mange gode innspel frå både innleiarar og møtedeltakarar. Og skal ein plukka ut ein spesielt treffande framtidsvisjon eller motto om Uskedalen frå møtet må det kanskje vera "Bygda med den gode kvardagen".



Gamleskulen var godt fylt under møtet i Dialogforumet. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Planleggjar Kjartan Thoresen presenterte kommunedelplanen som også Uskedalen er ein del av og peika på at det mest typiske i denne samanhengen er at det er planlagt svært mange bustader her samanlikna med andre bygder i kommunen. Det er ikkje sett av mykje areal korkje til fritidsbustader eller næringsføremål.



Bjarthe Døssland og Bjørn Olav Tveit kom med mange gode innspel under møtet i Gamleskulen (Foto: Ola Matti Mathisen)

Men Thoresen slo til lyd for at det vert lagt større realisme for dagen når neste kommunedelplan skal lagast.

- Bygging av 150-200 bustader på fire år rimer ikkje, det er eit eventyr, og verkar heller som ein klam hånd for bygda. Det ligger også mange godkjente reguleringsplaner som ikkje er realisert og planane verkar heller som ein trussel mot utbygging enn det motsette, meinte planleggjaren.

Men han var også inne på at det neste gong kanskje var ein betre ide å laga ein stadanalyse eller ein felles reguleringsplan for sentrum.

Magne Huglen peika på at det er nok areal å ta av i sentrum til offentlege føremål berre det blir omdisponert, men Thoresen minte om at det blir stadig vanskelegare å få klarsignal for bygging på dyrka mark.

Arne Terje Haugland undra på om politikarane kunne hjelpe til å få fart på utbygging av Ospelunden, men Gunn Mari Moberg svara at det ikkje står på politikarane. Då får ein heller håpa på initiativ frå eit byggjefirma.

Tveit og Døssland bobla av kreativitet og la fram ein mangslungen formel for bygdeutvikling som det ikkje var alle gitt å ta inn over seg i første omgang. Men etterkvart vart dei meir konkrete. Dei advara mot to fallgruver, den eine at Uskedalen skal satsa på å bli ein småby og den andre at vi skal gjera oss like festlege som "Lucky Næroset" i Ringsaker.

Derimot hadde dei ikkje noko imot at Uskedalen blir staden der ein kan nyte den gode kvardagen.

Duoen sa nei til ekspansiv turisme, mange arbeidsplassar, "lysløype", kommunesenter og kjøpesenter i bygda. Dei tunge arbeidsplassane, storskala-kulturen og handlesenteret skal vera på Husnes - til beste for heile Kvinnherad.

- Uskedalen skal derimot vera senter for dei nære ting i livet, sa Tveit og Døssland og heldt fram: - Her skal det vera lett å få til ting fordi vi gjer det saman.

Dei såg for seg at Uskedalen i 2020 har den beste skulen i kommunen, gode barnehagar, tilrettelagde bustader for dei gamle og godt fritidsmiljø for alle aldersgrupper.

Dei såg ikkje for seg mange nye arbeidsplassar, men kanskje eit lokalslakteri.

Nokre få større løft, som Festidalen, bør vi halda fram med. Duoen såg ellers mellom anna for seg restaurering av båtar for utleige i større båthamnar, fleire bryggjarlag, utleige av sykklar, eit livskraftig vertshus, landets beste daglegvarebutikk, svømmehall/ishall, lokalkultursenter og naturaktivitetspark i Fjellandsbø-området.

I 2020 bør Uskedalen ha ord på seg for å vera bygda der dei får det til og der dei er sjøvhjulpne, inkluderande, ivaretakande og ikkje sutrete.

I ein runde etter innleiarane var møtedeltakarane ikkje minst oppteke av at dei eldre må få vera lenger i Uskedalen og dette vil truleg bli teke opp under neste møte i Dialogforum.

- Altfor mange uskedelingar må ut av bygda når dei har kome opp i åra, heldt Thor Inge Døssland fram. Han var inne på ei utviding av Myro i ein eller annan form
Magne Huglen hadde reist "eldresaka" i kommunen, men utan respons så langt.

Av Ola Matti Mathisen